


miljøpartiet  
de grønne



**SURNADAL**

## Lokalprogram MDG Surnadal 2015-2019

Miljøpartiet Dei Grøne sitt mål er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Økonomien skal vere underordna sunne økologiske prinsipp og fremme fred og rettferd, både lokalt og globalt. Livskraftige lokalsamfunn, i hovudsak basert på lokale ressursar, er ein føresetnad for å nå målet.



### Vår politikk vil du kjenne att i tre hovudemne:

- **Livskvalitet** Vi vil ha et samfunn der folk har meir tid til kvarandre heller enn å jage etter meir forbruk.
- **Klimasmart samferdsel.** Gjere det enkelt og billig å velje miljøvenleg transport.
- **Berekraft.** Omstilling til ei fornybar framtid med økologisk berekraft må starte no.

### Klima og miljø

MDG Surnadal vil:

- Vedta forpliktande klima- og energiplaner
- Nykjøp/leasing av bilar til kommunen bør vera elbilar eller andre bilar med lågt utslepp, og ladestasjonar på alle offentlege arbeidsplassar.
- Satse på sykkel, gangveggar og betre kollektivtransport
- Førebu land-strøm til skip på Surnadal hamn
- Stille krav til busselskap og drosje-næringa om teknologi som gir låge utslepp
- Vurdere renovasjonsordninga og starte innsamling av matavfall

## **Sentrums- og grendeutvikling**

MDG Surnadal vil:

- Ha et tilstrekkelig tilbud av rimelige, kommunale utleigebustadar
- Bygge hybelhus knytta til Surnadal VGS
- Stille krav til økologisk bygging og lågt energiforbruk i nye bustadar og bygningar
- At bustadområde får gode mulegheiter for sykkel og gange.
- Vi ønsker å oppretthalde spreidd busetting i kommunen.
- Vi vil jobbe for at kommunen får fleire eigna bueiningar/leilegheiter tilgjengeleg for å kunne ta imot flyktningar over større deler av kommunen.

## **Trygg oppvekst med trivsel og aktiv læring**

MDG Surnadal vil:

- Trappe opp lærartettleiken. Målet er eit tak på 15 elever per gruppe i barneskulen og vidareføre to-lærarsystem i basisfag på ungdomsskolen
- Frigjere tid for lærarane til å arbeide med sosiale relasjonar og betre læringsmiljø
- Ha ressursar til å sette inn vikar ved lærar-fråvær
- Ha trivsel og inkludering for elever og lærarar i fokus og fortsette med MOT-arbeid på ungdomsskolen
- Styrke innsatsen for kulturarbeid og skulehagar i samarbeid med lokale aktørar over heile kommunen
- Ha frukt og grønt-ordning på alle skulane
- Gi skulane mulegheit til i å velje økologiske frukt og grønt
- Styrke faglege nettverk mellom skular og bedrifter
- Støtte frivillige organisasjonar sitt arbeid med aktivitetar for barn

## **Helse, førebygging og omsorg**

MDG Surnadal vil:

- Stimulere til sunn livsstil, førebygging av sjukdom
- Vi vil at legane held fram med å bruke Grøn resept
- Styrke opplysningsarbeidet for sunnare kosthold
- Støtte arbeidet for fysisk aktivitet i nærmiljøet for alle aldersgrupper
- Oppretthalde det psykiske helsevernet og støttetiltak til pårørande
- Sikre tidlig legehjelp og støttetiltak gjennom NAV for rusavhengige
- Sikre tilstrekkelige sjukeheims plassar
- Styrke ordninga med Den kulturelle spaserstokken
- Støtte frivillig arbeid i helse- og omsorgssektoren
- Styrke og sikre et godt integreringsarbeid for kvoteflyktningane som kjem til bygda

## **Naturvern og friluftsliv**

MDG Surnadal vil:

- Hindre nedbygging av matjord
- Styrke vernet av skog, våtmark, havbotn og andre artsrike biotopar
- Ha klare retningslinjer om plukkhogst og økologisk berekraftig drift i skogbruket
- Ikkje tillate utslepp som øydelegg miljø og helse
- At prinsippa om 'forureinar betaler' og 'føre-var' blir lagt til grunn for all forvaltning
- At snøscooter-kjøring i utmark blir forbode, bortsett frå til nyttebruk
- At viktige leveområde for trua artar blir verna mot utbygging
- Ha tiltak mot spreining av miljøgift og fremmande artar i naturen
- God dyrevelferd

## **Mangfaldig og inkluderande kulturliv**

MDG Surnadal vil:

- Støtte frivillig arbeid og arrangement i kultursektoren
- At Kulturskolen forblir et allment tilbod
- Oppretthalde støtte til "Den kulturelle skulesekken"
- Oppretthalde støtte til "Den kulturelle spaserstokken"
- Sikre drift av biblioteka i kommunen
- Støtte kulturprosjekter kor innvandrarak deltek med sine tradisjonar og får kjennskap til dei norske
- MDG Surnadal vil behalde og støtte drift av kinoen

## **Ein sterk frivillig sektor**

MDG Surnadal vil:

- Stimulere til økt samarbeid mellom offentleg sektor, private og frivillige
- Bruke de frivillige organisasjonane sin kunnskap i samfunnsplanlegging
- Gi frivillige organisasjonar gratis eller rimelige møtelokal, også i kulturhuset

## **Berekraftige bedrifter**

MDG Surnadal vil:

- Legge til rette for at offentlege instansar nyttar seg av lokalproduserte varer
- Oppfordre private bedrifter til å samarbeide med og nytte seg av lokale produsentar
- Bidra til å utvikle et mangfaldig og framtidsretta næringsliv
- Samarbeide med næringslivet om energiøkonomisering og miljøvennlig bygging
- Samarbeide med næringslivet om redusert energibruk til bygningar og transport
- Stimulere arbeidslivet og kommunen til å ta imot lærlingar og personar med nedsett funksjonsevne
- Ha et tett samarbeid mellom NAV, arbeidslivet og fastlegene i kommunen



## Landbruk

MDG Surnadal vil:

- Auke kunnskapsnivået for å kunne redusere sprøytemiddelbruken i kommunen
- Avgrense nedbygging av matjord til eit absolutt minimum
- Arbeide for å styrke bøndene sitt inntektsgrunnlag og auke bruken av norske fôrressursar
- Undersøkje mulegheita for å arrangera 'Bondens Marknad' i Surnadal
- Stimulere jordbruket til større del økologisk drift

## Økonomi

MDG Surnadal vil:

- Arbeide for ein sunn kommuneøkonomi
- At flest muleg kommunale einingar blir miljøsertifisert
- At gjenbruk, vedlikehald og kvalitetskriterium blir lagt til grunn for offentlege innkjøp
- Ha et bevisst arbeid mot korrupsjon, også hos leverandørar og kontraktørar
- Sikre at kommunale midlar og fond blir halde ute av investeringar i kol, olje og gass

# STEM PÅ OSS!

- |                                  |                        |
|----------------------------------|------------------------|
| 1. <b>Erik Moen</b>              | 6. Kjell Gunnar Polden |
| 2. <b>Eli Vullum Kvande</b>      | 7. Trygve Roaldset     |
| 3. Camilla Marstrander Askildsen | 8. Ole Mauseth         |
| 4. Espen Fougli Vraalsen         | 9. Elisabeth Moen      |
| 5. Lisa Forslund                 |                        |

